



T opp  
Majo Eigedom AS  
Lindåsvegen 154  
5916 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/2005 - 21/34948

Saksbehandlar:  
Are Frøysland Grande  
are.froysland.grande@alver.kommune.  
no

Dato:  
27.05.2021

## Svar på anmodning av ny vurdering

Syner til dykkar brev av 03.05.2021 med anmodning om ny vurdering / møte med byggesak om planlagt tiltak på GBNR 137/765.

I førehandskonferansen er det gjort ei konkret vurdering av det planlagde tiltaket opp mot gjeldande KDP for Knarvik – Alversund med Alverstraumen (PlanID: 1263-201701) revidert 22.11.2019 i tråd med vedtak i kommunestyret 15. oktober 2019. Vi legg til grunn at innhaldet i referatet er kjent og at det kommunens vurdering at tiltaket ikkje fell under unntak for utarbeiding av reguleringsplan i gjeldande KDP.

Du har i brev av 03.05.2021 bedt om ei ny vurdering / nytt møte med kommunen om planlagde tiltak der du syner til fleire moment som du syner til er relevante for vurderinga av om tiltaket er unnateke krav til utarbeiding av reguleringsplan. I hovudsak er det vist til at vegtilkomsten er løyst og tidlegare praksis i Lindås kommune om krav til MUA.

Basert på innsendt dokumentasjon kan ikkje kommunen sjå at det er komme inn noko ny informasjon som gjev grunnlag for at kommunen skal endra si vurdering av tiltaket. Dykk har naturlegvis moglegheit til å bestille ein ny førehandskonferanse om dykk meiner at det er nye opplysningar / endringar av tiltaket som dykk ynskjer å få avklart. Tilbakemeldinga frå kommunen i ein førehandskonferanse er basert på den dokumentasjonen som ligg føre i arkivet og som er innsendt av tiltakshavar i forbindelse med førehandskonferansen. I det tilfelle det vert endringar i prosjektet, nye opplysningar m.m. som har betydning for prosjektet - kan kommunens vurdering av tiltaket også endra seg.

Dykk ynskjer også at saka skal handsamast politisk om det vert søkt om dispensasjon. Når det gjeld kva saker som skal handsamast politisk og ikkje, er det gjelande delegasjonsreglement som gjere seg gjelande.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Majo Eigedom AS

Lindåsvegen 154

5916

ISDALSTØ